



Det Kgl. Kommunal- og Regionaldepartement
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
26 APR 2005	
0412991-263	
Ark.	013
Avg.	RA ISSA I NAG

L.nr./ Saksh
003037/05/ AGA

Arkivsaknr.
05/00310

Arkivkode
11//


Dato
25.04.2005

LIVSKRAFTIGE DISTSTRIKTER OG REGIONER - NOU 2004 :19 HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONEN SI UTGREIING

Vedlagt følger vedtak frå K.sak 14/05 frå møte 16. april 2005.

Med helsing

Arne Gunnar Aschehoug
rådmann


Elsa Gjerde
sekr.



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA
til
Kommunestyret

frå møte den 16.03.2005

0014/05-K **LIVSKRAFTIGE DISTSTRIKTER OG REGIONER - NOU 2004 :19
HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONEN SI UTGREIING**

Arkivsaknr. Arkivkode L.nr./ Sbh
05/00310 11// 002191/05/ AGA

Gunn Berit Gjerde fremja framlegget ho fremja under formannskapshandsaminga:

1. *Hareid kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i kvar enkelregion. Ein målretta distriktpolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken.*
2. *Hareid kommune støttar dei samrøystes tilrådingane innan landbruket, men går imot forslag om omdisponering av landbrukstøtte slik fleirtalet i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i samla produksjonstillegg til landbruket bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling*
3. *Fisken skal vere ein nasjonal ressurs. Kvotene skal ikkje regionaliserast. Råfiskelova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast.*
4. *Staten bør vidareføre utflyttinga av statlege kontor frå Oslo for å skape arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø i distrikta.*
5. *Hareid kommune støttar distriktskommisjonen si samla tilråding om kapitaltilgang i distrikta og peikar samstundes på kor viktig det er å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa for å skape innovasjon og nyskaping.*
6. *Hareid kommune legg til grunn ein hovudstrategi med omfattande desentralisering av makt, slik at avgjerder blir fatta på lavast mogeleg effektivt nivå. Kommunen ser samstundes ei hovedutfordring å samordne den statlege politikken.*
7. *Hareid kommune er svært uroa over resultatata frå maktugreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktutgreiinga viser at ei sterkare statleggjering og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.*
8. *Hareid kommune støttar fleirtalstilrådinga i punkt 7.4.5, og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Kommunen er sterkt uroa over underdekning av reformer, manglande kompensasjon for auka pensjonspremie og nedtapping av kommunane sine fonds .Alle kommunar bør vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid og oppgåveløysing.*

9. *Hareid kommune legg til grunn ein framtidig styringsstruktur med eit regionalt folkevald nivå. Kommunen meiner at Einskapsfylkemodellen er ein rasjonell og aktuell styringsmodell som gir demokratisk styring av regionalnivået i framtida.*
10. *Hareid kommune vil vente med å gi ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling innan fristen for 2. høyringsrunde i oktober 2005.*

Røysting, punktvis:

- Alternativ røysting mellom pkt. 1 og 2 i formannskapsinnstillinga på den eine sida og punkta 1 og 9 i framlegget frå Gunn Berit Gjerde på den andre sida:
Formannskapet si innstilling 13 røyser og vedteken.
Gunn Berit Gjerde sitt framlegg 12 røyser.
- Pkt. 3 i formannskapsinnstillinga 18 røyser og vedteken, 7 røyser mot.
- Pkt. 4 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.
- Pkt. 5 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.
- Pkt. 6 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.
- Pkt. 7 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.
- Pkt. 8 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.
- Pkt. 9 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.
- Pkt. 10 i formannskapsinnstillinga samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. **Hareid kommune meiner at det ikkje er ynskjeleg med 3 forvaltningsnivå i Norge, og støttar slik mindretalet i Distriktskommisjonen.**
2. **Hareid kommune ynskjer ei nedlegging av fylkeskommunen, og at oppgåvene til dagens fylkeskommune vert fordelt mellom stat og kommune.**
3. **Hareid kommune støttar dei samrøystes tilrådingane innan landbruket, men går imot forslag om omdisponering av landbrukstøtte slik fleirtalet i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i samla produksjonstillegg til landbruket bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling.**
4. **Fisken skal vere ein nasjonal ressurs. Kvotene skal ikkje regionaliserast. Råfiskslova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast.**
5. **Staten bør vidareføre utflyttinga av statlege kontor frå Oslo for å skape arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø i distrikta.**
6. **Hareid kommune støttar distriktskommisjonen si samla tilråding om kapitaltilgang i distrikta og peikar samstundes på kor viktig det er å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa for å skape innovasjon og nyskaping.**
7. **Hareid kommune legg til grunn ein hovudstrategi med omfattande desentralisering av makt, slik at avgjerder blir fatta på lavast mogeleg effektivt nivå. Kommunen ser samstundes ei hovedutfordring å samordne den statlege politikken.**

8. Hareid kommune er svært uroa over resultatene frå maktutgreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktutgreiinga viser at ei sterkare statleggjering og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.
9. Hareid kommune støttar fleirtalstilrådinga i punkt 7.4.5, og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Kommunen er sterkt uroa over underdekning av reformer, manglande kompensasjon for auka pensjonspremie og nedtapping av kommunane sine fond. Alle kommunar bør vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid og oppgåveløysing.
10. Hareid kommune vil vente med å gi ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling innan fristen for 2. høyringsrunde i oktober 2005.

Hareid, 21. mars 2005

Rett utskrift:


Elsa Gjerde
sekr.

Utskrift sendt: Til sakshandsamar for ekspedering.



FORMANNSKAPET

Møtedato: 02.03.2005

Utval	Saksnr.	Møtedato	Resultat
FSK	0022/05-K	02.03.2005	Tilrådd

Sakshandsamar: Arne Gunnar Aschehoug

LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - NOU 2004 :19 HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONEN SI UTGREIING

Arkivsaknr.: 05/00310 / Arkiv: 11// Løpenr.: 05/001681

Gunn Berit Gjerde fremja slikt framlegg til uttale:

- 1. Hareid kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i kvar enkelregion. Ein målretta distriktspolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken.*
- 2. Hareid kommune støttar dei samrøystes tilrådingane innan landbruket, men går imot forslag om omdisponering av landbrukstøtte slik fleirtalet i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i samla produksjonstillegg til landbruket bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling*
- 3. Fisken skal vere ein nasjonal ressurs. Kvotene skal ikkje regionaliserast. Råfiskeleva og deltakarleva bør oppretthaldast og vidareutviklast.*
- 4. Staten bør vidareføre utflyttinga av statlege kontor frå Oslo for å skape arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø i distrikta.*
- 5. Hareid kommune støttar distriktskommisjonen si samla tilråding om kapitaltilgang i distrikta og peikar samstundes på kor viktig det er å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa for å skape innovasjon og nyskaping.*
- 6. Hareid kommune legg til grunn ein hovudstrategi med omfattande desentralisering av makt, slik at avgjerder blir fatta på lavast mogeleg effektivt nivå. Kommunen ser samstundes ei hovedutfordring å samordne den statlege politikken.*
- 7. Hareid kommune er svært uroa over resultatata frå maktugreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktugreiinga viser at ei sterkare statleggjering og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.*
- 8. Hareid kommune støttar fleirtalstilrådinga i punkt 7.4.5, og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Kommunen er sterkt uroa over underdekning av reformer, manglande kompensasjon for auka pensjonspremie og nedtapping av kommunane sine fonds. Alle kommunar bør vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid og oppgåveløysing.*

9. *Hareid kommune legg til grunn ein framtidig styringsstruktur med eit regionalt folkevald nivå. Kommunen meiner at Einskapsfylkemodellen er ein rasjonell og aktuell styringsmodell som gir demokratisk styring av regionalnivået i framtida.*
10. *Hareid kommune vil vente med å gi ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling innan fristen for 2. høyringsrunde i oktober 2005.*

Oskar Grimstad og Perny Ann Nilsen fremja slikt framlegg:

1. *Hareid kommune meiner at det ikkje er ynskjeleg med 3 forvaltningsnivå i Norge, og støttar slik mindretalet i Distriktskommisjonen.*
2. *Hareid kommune ynskjer ei nedlegging av fylkeskommunen, og at oppgåvene til dagens fylkeskommune vert fordelt mellom stat og kommune.*

Røysting:

- | | |
|-----------------------------------|-----------------------|
| → Pkt. 4 i framlegget frå Gjerde: | 7 røyster og tilrådd. |
| → Pkt. 5 i framlegget frå Gjerde: | 7 røyster og tilrådd. |
| → Pkt. 6 i framlegget frå Gjerde: | 7 røyster og tilrådd. |
| → Pkt. 8 i framlegget frå Gjerde: | 7 røyster og tilrådd. |
| → Pkt. 3 i framlegget frå Gjerde: | 4 røyster og tilrådd. |

Mindretalet på 3 røysta for slik ordlyd:

Fisken skal vere ein nasjonal ressurs. Kvoteane skal ikkje regionaliserast.

- | | |
|--|------------------------------|
| → Pkt. 7 i framlegget frå Gjerde: | 4 røyster og tilrådd, 3 mot. |
| → Pkt. 9 i framlegget frå Gjerde: | 3 røyster og fall, 4 mot. |
| → Pkt. 10 i framlegget frå Gjerde: | 4 røyster og tilrådd, 3 mot. |
| → Pkt. 1 i framlegget frå Gjerde på den eine sida og | |

framlegget frå Grimstad og Nilsen på den andre sida:

Framlegget frå Grimstad og Nilsen fekk 4 røyster og tilrådd.

Framlegget frå Gjerde fekk 3 røyster.

- | | |
|-----------------------------------|------------------------------|
| → Pkt. 2 i framlegget frå Gjerde: | 4 røyster og tilrådd, 3 mot. |
|-----------------------------------|------------------------------|

Formannskapet si innstilling:

1. **Hareid kommune meiner at det ikkje er ynskjeleg med 3 forvaltningsnivå i Norge, og støttar slik mindretalet i Distriktskommisjonen.**
2. **Hareid kommune ynskjer ei nedlegging av fylkeskommunen, og at oppgåvene til dagens fylkeskommune vert fordelt mellom stat og kommune.**
3. **Hareid kommune støttar dei samrøystes tilrådingane innan landbruket, men går imot forslag om omdisponering av landbrukstøtte slik fleirtalet i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i samla produksjonstillegg til landbruket bør kanalisert til landbruk og bygdeutvikling.**
4. **Fisken skal vere ein nasjonal ressurs. Kvoteane skal ikkje regionaliserast. Råfiskslova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast.**

5. **Staten bør vidareføre utflyttinga av statlege kontor frå Oslo for å skape arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø i distrikta.**
6. **Hareid kommune støttar distriktskommisjonen si samla tilråding om kapitaltilgang i distrikta og peikar samstundes på kor viktig det er å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa for å skape innovasjon og nyskaping.**
7. **Hareid kommune legg til grunn ein hovudstrategi med omfattande desentralisering av makt, slik at avgjerder blir fatta på lavast mogleg effektivt nivå. Kommunen ser samstundes ei hovedutfordring å samordne den statlege politikken.**
8. **Hareid kommune er svært uroa over resultatata frå maktugreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktutgreiinga viser at ei sterkare statleggjering og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.**
9. **Hareid kommune støttar fleirtalstilrådinga i punkt 7.4.5, og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Kommunen er sterkt uroa over underdekning av reformer, manglande kompensasjon for auka pensjonspremie og nedtapping av kommunane sine fonds. Alle kommunar bør vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid og oppgåveløysing.**
10. **Hareid kommune vil vente med å gi ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling innan fristen for 2. høyringsrunde i oktober 2005.**

SAKSUTGREIING

Sakstittel: LIVSKRAFTIGE DISTSTRIKTER OG REGIONER - NOU 2004 :19
HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONEN SI UTGREIING
Arkivsak: 05/00310

Saksdokument:

		Vedlagt:
1. Skriv frå KRD om høyring	dat. 14.10.2004	x
2. Kap 6 og 7 i NOU : 19	"	x
3. Volda kommune si handsaming av saka	"	x
4. M&R fylke si handsaming av saka	"	x

Saksopplysningar:

Til høyringa er det knytta 2 fristar på henholdsvis 14.februar og 14. oktober 2005. Den første fristen er knytta til ei stortingsmelding om regionalpolitikken til våren, og den andre til spørsmål som gjeld fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering.


Samstundes har KS laga ei utredning (utsendt tidlegare): "Sterke Regionar – ny regioninndeling av Noreg" som omhandlar delar av denne problematikken.

Rådmannen har lagt ved dei to siste kapitla i NOU : 19 som omhandlar veivalg, konklusjonar og tilrådingar.

I tillegg er lagt ved Volda kommune og Møre og Romsdal fylke si saksframstilling som gjev meir kortfatta samandrag av innhaldet i utgreiinga.

Rådmannen utarbeider ikkje noko saksframlegg utover dette, og ber formannskapet vurdere om kommunen skal gje uttale i saka og eventuelt kva innhald ei innstilling til kommunestyret skal innehalde.

Rådmannen i Hareid, 24.02.2005.


Arne Gunnar Aschehoug
rådmann

Utskrift til: Til sekretariat for ekspedering